



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/214252-5


Dykkar referanse:
17/2367 - 18/1896

Vår dato:
15.02.2018

Svar – Melding om vedtak – Delingssak – Fv. 409 – Gnr. 46 bnr. 8 og 9 – Manger øvre –

Statens vegvesen syner til brev mottatt 07.02.2018 med melding om vedtak som gjeld delingssøknad for gnr. 46 bnr. 8 og 9 i Radøy kommune.

Statens vegvesen fekk saka på uttale i september 2017. Det var då tale om å frådele eit bustadhus frå landbrukseigedomen. Saka har vore i prosess, og tiltaket har endra seg undervegs. I følgje vedtak i *Hovudutval for plan, landbruk og teknisk* i møte den 24.01.18 vert det gjeve løyve til frådeling av to bustadhus (tomt 1 og tomt 2) som skal ha eigne bnr, medan resten av landbrukseigedomen med tilhøyrande rettar skal samanføyast og seljast til gnr. 43 bnr. 11.



Situasjonskart. Del av gnr. 46 bnr. 8 og 9 i Radøy kommune. Lovleg avkøyrslø ligg lengst nord.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Før det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom er det eit vilkår at ny eigedom har lovleg tilkomst til offentleg veg jf. pbl. 27-4. I saksutgreiinga til kommunen er det stilt spørsmål om tomt 1 har lovleg tilkomst. Kommunen viser og til at eigedomen har direkte tilkomst til fylkesveg, og at dei ikkje kjenner status til denne avkøyrsla.

I samband med utbetring av dåverande riksveg 565 på slutten av 1970 - talet var det semje mellom dåverande eigar og Statens vegvesen om at vegvesenet skulle byggje ny avkøyrslé til eigedomen. Noverande eigar har opplyst at begge bustadene som skal frådelaast var oppført før den nye avkøyrsla vart tatt i bruk. Begge bustadene (tomtene) har difor lovleg avkøyrslé frå offentleg veg i avkøyrsla lengst nord på eigedomen.

Den eksisterende avkøyrslé skal flyttas til grunn mellom Elling Manger og Nils Saltveit, og mot fri grunn byggja (fylla) vegoverlét ^{my gardsveg} for ~~eksisterende~~ og i ei lengde av 20 l.m. ~~vegen~~
 Den gamle avkøyrslé skal stengast når den nye veggen kan taast i bruk.
 Nils Saltveit skal få sett til i sakte eksisterende opptaft = Elling Manger eigedom.

Utdrag av kjøpekontrakt frå 1976 mellom eigar av gnr. 46 bnr. 8 og Statens vegvesen. Det kjem fram at den gamle avkøyrsla skal stengast.

Eit vilkår for avtalen i 1976 var at avkøyrsla som hittil hadde vore nytta skulle stengjast. Basert på flyfoto frå området kan det sjå ut til at den stengte avkøyrsla er tatt i bruk att. Dersom dette riktig ber vi om at kommunen presiserer i frådelsingssaka om kva avkøyrslé som er lovleg. Vi ber og om at det vert stilt som vilkår at den gamle avkøyrsla skal vere stengt, anten ved at avkøyrslépunktet vert grave opp eller ved at ein setter opp fysiske sperrer som hindrar at køyretøy kan nytte denne avkøyrsla. Ein kan i alle høve ikkje legge til grunn at eigedomane skal nytte denne avkøyrsla. All avkøyring frå offentleg veg må skje i avkøyrsla lengst nord.

Plan og forvaltningsseksjon Bergen
 Med helsing

Kari Elster Moen
 senioringeniør

Tone Bøyum
 senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.